Oversikt over kunst og utsmykking på Lidar skule.

Elevarbeid. Stort bilete samansett av fingerhekla restegarn.

Dette er eit flott elevarbeid og heng sentralt plassert i kantine/inngangsparti. Verket er stort , over to meter breitt og meteren høgt.

Lidar skule har eigen fane, som vert nytta kvar 17.mai. Den heng trygt inne i ein monter i gangen.

Fjellstafetten deler kvart år ut premie til den skulen som har flest deltakarar. Lidar skule vann denne konkurransen kvart år frå 2015-2020. Her er premiane som hengt oppe ved inngangen, alle skifertaksteinar, måla av Lynn Hege Myrvang



Flott maleri frå 1987 måla av Leslie Ayres. Lesley er ein engelsk figurativ målar, busett i Valdres. Han er kjent for skulpturelle i landskapsmåleri., og mennesket sitt møte med natur. Motivet er er gjenkjenbart til Valdres hus, fjell og natur.

Måla av Sigmund Årseth, i 1993.Årseth var busett i Volbu (1936-2012)

Madi - 79.

Madi er ein internasjonal kunstbevegelse som fokuserar på ikkerepresentativ geometrisk abstraksjon. Bevegelsen vart initiert i Buenos Aires i 1946 av kunstner og poet Gujula Kosica m.fl. Bevegelsen fokuserer på å skape konkret kunst og å omfatte alle kunstartar.

Kristneteppe, eit tradisjonsteppe frå Valdres.

Blir brukt både til pynt og til nytte. Det skal vere rundt barnet når det bærast til dåpen, det skal ligge på alteret ved konfirmasjon og bryllaup og på kista til den som er død. Mange Valdresheimar har det hengande på veggen. I gamal tid hang dei kristneteppet ved høgsete mot nord, der far i huset sat ved bordenden. Det vart pynta med julehåndkle til jul, ser ut som kvite gardiner i firfletting eller kunne vere hekla.

Sigmund Årseth (1936-2012), kunstmålar frå Vestlandet, budde i Volbu i heile sitt vaksne liv. Han måla mykje Valdres-natur og tun, men var og veldig aktiv og flink med rosemåling. Dette er eit døme på det. Han måla dette i 1993.

70 / 150 frå mørke til lys. Arne Paus. Opplag på 150.

Arne Paus f.1943 norsk figurativ maler. Utdanna i Dusseldorf og ved Statens kunstakademi. Debuterte på haustutstillinga i 1966.

Arne Paus er født og vaks opp i Oslo, men var mykje i Valdres fordi familien hadde hytte her. Frå han var 37 har han hatt fast atelier og budd i Aurdal.

Gåve frå statens ungdoms- og idrettskontor.

Jørn G. Jensen 1981.

Kunst trykk.

Pål S. Gunnæs (1947) Offentleg flagg 2. Serigrafi 21 / 25

Norsk målar, grafiker og kunstfotograf. Utdanna ved Statens Håndverks og Kusntindustriskule, malelinja i 1968-1972. Født i Bærum, bur og arbeider i Silkan i Telemark.

Verka hans har ofte forenkla abstrakte billeduttrykk.

Edvard Munch (1863-1944) tidleg representant for ekspresjonismen og den internasjonalt best kjente norske bildande målar. To trykk.



Lærer-trykk 2018.

Lisa Aisato, 1981, norsk mor og gambisk far. Norsk illustratør, billedbokforfattar og biletkunstnar. Gjeve ut fleire billedbøker, vore fast illustratør i Dagbladet. Fleire av bøkene hennar er gjeve ut på 43 språk. Boka «Livet» var i 2029 den tredje mest selte boka i Norge. Ingen illustratør skildrar mennesket sin frykt, håp, draumar som henne 😊

Sigmund Årseth. 1994.

Dette bilete var med frå Heggebø. Det var ei gåve frå foreldra.



S. Årseth – 89

S. Årseth – 89.

Tusen takk til 7.trinn på Lidar skule, som var rundt og tok bilete av kunst/utsmykkinga. Denne oversikta vart laga i 2025 i samarbeid med Kari Onstad, kultursjef.